



Hemsedal kommune

Arkivsak-dok. 17/01146-1
Saksbehandler Hege Mørk

Saksgang
Formannskapet
Kommunestyret

SKATTEOPPKREVJAREN I HALLINGDAL - FORDELING AV KOSTNADER

Saka vert avgjort av:

Kommunestyret

Vedlegg:

Samarbeidsavtale om felles innkrevingskontor i Hallingdal
Vedtekter for styret for innkrevingskontoret i Hallingdal

Dokument i saka:

Skriv inn dokument i saka her

Saksopplysningar:

I 2004 fatta kommunestyret i Hemsedal vedtak om å inngå eit samarbeid med dei andre Hallingdalskommunane om felles skatteoppkrevjarkontor. Det blei vedtatt ei samarbeidsavtale og vedtekter for styret for skatteoppkrevjaren i Hallingdal

Denne saka gjeld spørsmålet om dei fordelingsnyklar som blir nytta til å fordele kostnadene. Ordninga som blir nytta i dag er tungvint og tidkrevjande. I gjeldande vedtekter §3 står det:

Styret skal påse at oppgavene i samarbeidet organiseres og utføres på en slik måte at ressursinnsatsen er optimal i forhold til resultatet som oppnås, herunder at det er etablert tilfredsstillende system for tidsregistrering og fakturering til kommunene.

Vedtektene seier ikkje noko om den konkrete fordelinga. Dette blir fastslått i samarbeidsavtala punkt 5:

Budsjett / økonomiplan skal oversendes kommunene innen 1. september hvert år. Drift av kontorlokaler for samarbeidet forutsettes dekt av vertskommunen. Utgifter til administrasjon og ledelse, kurs, møter og anskaffelse av kontorinventar og teknisk utstyr fordeles med 1/6 på hver av deltakerne. Øvrige utgifter fordeles etter faktisk utførte timeverk for den enkelte kommune.

I budsjettet til skatteoppkrevjaren bli utgifter til løn fordelt ut prosentvis ut frå antatt timebruk. Utgangspunktet er siste års regnskap. I endeleg rekneskap blir lønsutgiftene fordelt etter timebruk på kvar kommune. Det blir rekna på kvar enkelt tilsett, då løna er forskjellig. Løn til den enkelte tilsette blir dermed splitta fleire gonger. Andre utgifter blir fordelt etter forskjellige fordelingsnyklar, noko etter folketal, og noko blir likt fordelt mellom kommunane. Dette er tidkrevjande og komplisert. Styret for skatteoppkrevjaren i Hallingdal har i vedtak bede kommunane forenkle systemet for fordeling av kostnader.

Forhold til overordna plan:

Skriv inn forhold til overordna plan her

Miljøkonsekvenser:

Skriv inn vurdering her

Helse-/miljø og beredskapstilhøve:

Skriv inn vurdering her

Økonomiske konsekvensar:

I og med at aktiviteten er forskjellig i kommunane frå år til år, er det ikkje mogleg å syne nøyaktig kva for utslag ein ny fordelingsmodell vil gje. Nedanfor er det lagt inn tabell som syner korleis kostnader for 2015 og 2016 ville blitt fordelt med 4 forskjellige fordelingsnyklar. Første kolonne syner kostnad med fordeling slik det blir gjort i dag. Andre kolonne syner fordeling med 5% fast sum og resten etter folketal. Tredje kolonne syner fordeling etter folketal, og siste kolonne fordeling kor arbeid med personskatten blir fordelt etter folketal og kontroll med verksemdar etter faktisk bruk.

2015	SKO fordeling		Regionrådet		Folketall		Fordeling etter evt. nytt vedtak
Flå	404652		374523		220897		215618
Nes	582395		730908		730053		706557
Gol	996114		906646		981101		1032584
Hemsedal	604381		570766		501237		517464
Ål	765897		925837		1008472		944151
Hol	1044403		889162		956082		981468
	4397842		4397842		4397842		4397842
2016	SKO fordeling		Regionrådet		Folketall		Fordeling etter evt. nytt vedtak
Flå	500326		408434		245472		273094

Nes	704266		784094		782129		765297
Gol	1055404		969045		1046343		1070964
Hemsedal	678231		624103		553570		645345
Ål	667354		990324		1076741		969872
Hol	1126505		956086		1027831		1007514
	4732086		4732086		4732086		4732086

Vurdering:

Rådmannsutvalget har drøfta saka, og rådmannen vil tilrå at kommunane vedtar å bruke siste alternativ, då dette er ei forenkling, samtidig som kostnaden blir fordelt best mogleg i forhold til arbeidsbyrde. Utgifter til rekneskap- og arbeidsgjevarkontroll vil bli fordelt mellom kommunane etter faktisk timebruk. Dette er formålstenleg i og med at tal på bedrifter i ei kommune ikkje alltid heng saman med kor mange som er busett i kommunen. Utgifter som er relatert til arbeid med personleg skatt og andre utgifter som nemnt i samarbeidsavtala punkt 5 vil bli fordelt etter folketal. Hemsedal kommune vil få litt lågare utgifter dersom endringa blir vedtatt.

Rådmannen si innstilling:

1. Hemsedal kommune vedtar å endre 2. avsnitt i punkt 5 i Samarbeidsavtale om felles innkreivingskontor i Hallingdal slik:

Utgifter til arbeid med rekneskap- og arbeidsgjevarkontroll blir fordelt mellom kommunane etter faktisk medgått tid. Andre utgifter blir fordelt mellom kommunane etter folketal 01.01 inneverande år.

2. Vedtaket er berre gyldig dersom alle kommunane i Hallingdal gjer likelydande vedtak.

Hemsedal, 19 juli, konst. rådmann Hege Mørk